



SOLUND KOMMUNE

Kommuneplan for Solund kommune 2008 - 2020

Føresegner og retningslinjer
for kommuneplanen sin arealdel



Politisk handsaming:

Utval/komit�e:	Saksnr.	Dato
Planutval (f�rebels handsaming)	001/08	24.01.08
K. styre (f�rebels handsaming)	009/08	14.02.08
Planutval	005/08	19.06.08
Kommunestyre	036/08	25.06.08
Formannskap	074/09	01.12.09
Kommunestyre	004/10	20.04.10

INNHALD

INNHALD	2
INNLEIING	3
HOVUDTREKKA I AREALTEKSTDELEN	4
AREALBRUK I STRANDSONA	5
1. BYGGJEOMRÅDE, PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 1.	6
1.1 Føresegner	6
1.2 Retningslinjer	7
1.2 UTBYGGINGSAVTALAR etter PBL (2008) § 17.....	8
1.3 BUSTADFØREMÅL	9
1.3.1 Føresegner	9
1.3.2 Retningslinjer	9
1.4 NÆRING	12
1.4.1 Næring reiseliv - Føresegner.....	12
1.4.2 Næring reiseliv - Retningslinjer	12
1.4.3 Næring reiseliv	13
1.4.4 Næring industri - Føresegner.....	14
1.4.5 Næring industri - Retningslinjer	14
1.4.7 Næring forretning.....	15
1.4.8 Andre næringsområde.....	15
1.5 FRITIDSBUSETNAD	18
1.5.1 Føresegner	18
1.5.2 Retningslinjer	18
1.6 ANNA BYGGJEOMRÅDE	21
1.6.1 Føresegner	21
1.6.2 Retningslinjer	21
1.6.3 Oversikt over naust- og sjøhusområde	22
1.7 OFFENTLEGE FØREMÅL	23
1.8 FRIOMRÅDE.....	24
1.9 ANDRE SAKSHANDSAMINGSRETNINGSLINER.....	25
1.9.1 Retningslinjer.....	25
2. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF-OMRÅDE), PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 2.	26
2.1 Føresegner	26
2.2 Retningslinjer	27
2.3 LNF- spreidd busetnad	27
2.4 LNF- spreidd fritidsbusetnad.....	28
3. OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING, PBL. § 20-4, ledd nr. 3.	29
3.1 Føresegner	29
3.2 Retningslinjer	29
4. BANDLAGDE OMRÅDE, PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 4.	30
4.1 Retningslinjer	30
5. OMRÅDE FOR SÆRSKILD BRUK ELLER VERN ELLER VERN AV SJØOMRÅDE OG VASSDRAG, PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 5.....	32
5.1 Akvakultur.....	32
5.1.1 Retningslinjer	32
5.1.2 Oversikt over område for akvakulturanlegg i Solund	33
5.2 Vassareal for allmenn fleirbruk	34
5.2.1 Retningslinjer.....	34
5.3 Kaste- og låssetjingplassar.....	35
6. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET, PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 6.....	38
6.1 Retningslinjer	38
7. REGULERINGSPLANAR.....	40
8. DISPENSASJONAR	41

INNLEIING

Kommuneplanen sin arealdel er utarbeida med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

Planen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i planområdet og er bindande for tiltak som er nemnde i PBL. §§ 81, 84, 86a, 86b og 93. Det same gjeld for andre tiltak som kan vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen.

AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Gjennom arealplanen har kommunen peika ut ulike satsingsområde for arealbruken, og elles synleggjort kommunen sine prioriteringar i forhold til utvikling av kommunen.

Planen omhandlar heile Solund kommune og erstattar arealplanen frå 1999 og kommunedelplan for sjøområda frå 2001.

Arealdelen byggjer på samfunnsdelen til kommuneplanen, og er politikarane og administrasjonen sitt viktigaste styringsverktøy for arealforvaltning og planlegging i kommunen.

Arealplanen har eit perspektiv på 12 år, men skal vurderast og rullerast kvart 4 år, minst ein gong kvar valperiode. Kartdelen skil mellom noverande og framtidige arealbruksføre mål. Vidare er arealbruken synleggjort og presisert med fargar, bokstavkodar, teikn og skravur, i samsvar med Miljøverndepartementet sin "Rettleiar" T 1382.

RETNINGSLINER OG FØRESEGNER

Kommuneplanen sin arealdel består av ein kartdel med føresegner og retningslinjer: Føresegnene utfyller og utdjuar den arealbruken som er fastlagt i kartdelen, og er juridisk bindande.

Retningslinjene er av rettleiande karakter, men kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen. Retningslinjene gir føresegnene ytterlegare haldepunkt og føringar for praktisering av planen. Retningslinjene presiserer kommunestyret sin politikk og ynskjemål for utviklinga i planperioden. Innhaldet skal leggjast til grunn for arealplanlegging og byggesakshandsaming.

HOVUDTREKKA I AREALTEKSTDELEN

Arealtekstdelen er bygd opp med 8 kapittel. Kvart kapittel er kommentert kort under.

BYGGJEOMRÅDE

Byggeområde omfattar område for bustad, næring, fritidsbustad, offentlege føremål, friområde, anna byggeområde som for eksempel naust. Generelt er det krav om reguleringsplan før områda kan byggjast ut. Dette kravet gjeld ikkje for mindre område opplista i dette dokumentet.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF-OMRÅDE)

Landbruks- natur og friluftsområde omfattar jordbruk, skogbruk, reindrift, jakt, fiske og anna stadbunden næring. Kategorien omfattar og natur- og friluftsområde og område med kulturlandskapsinteresser. Kommuneplanen omfattar tre typar LNF; LNF område, LNF med spreidd bustadbygging og LNF med spreidd fritidshusbygging.

OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING

Område for råstoffutvinning omfattar uttak av mineralske lausmassar, fastfjellførekomst for produksjon av byggeråstoff og liknande føremål og industrimineral og malm. Vanlege verksemder i desse områda er sand- grustak, pukkverk, steinbrudd mm.

BANDLAGDE OMRÅDE

Bandlagde område omfattar område som er sikra eller skal sikrast gjennom planlegging etter plan- og bygningslova, eller vedtak etter andre lover. I kommuneplanen for Solund omfattar bandlagde område drikkevasskjelder, automatisk verna kulturminne og område verna etter naturvernlova. Bandlegginga kan gjelda både sjø- og landområde.

OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV VASSDRAG OG SJØOMRÅDE

Denne kategorien dekker mange forskjellige behov og funksjonar. I kommuneplanen for Solund omfattar kategorien område for natur, fritid, ferdsel og fiske (NFFF). I tillegg omfattar den akvakulturområde, kaste- og låssetjingsområde (KL), fiskerihamn (FH), skipsleier og småbåthamn (SH), vatn med restriksjonar og verna vassdrag.

VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet omfattar trafikksystem, hamner, vegar og overføringsanlegg for teletenester og elektrisk kraft.

REGULERINGSPLANAR

Som ein viktig premiss for utforminga av planen, er det slått fast at alle gyldige reguleringsplanar skal gjelde. Kommuneplanen sine føresegner og retningsliner skal vera supplerande for reguleringsplanane. Reguleringsplanane er markert på arealplankartet.

DISPENSASJONAR

Dispensasjon er eit verkemiddel for å kunne korrigere for utilsikta verknader av reglane.

AREALBRUK I STRANDSONA

Solund kommune er ein kystkommune der mykje av landarealet ligg i strandsona. Byggjeaktiviteten i Solund har vore og er sterkt knytt til sjøen. Av eit totalt landareal på 228 km² er 66 km² innanfor 100 metersbeltet og 11km² innanfor 10 metersbeltet. Strandlina i Solund er totalt 124,2 km lang. Nedanfor er det i tabellform presenter data som fortel noko om bruk av strandsona til byggeområde i framlegget til kommuneplan. Dei ulike kolonnane viser noverande byggeområde, framtidig byggeområde og summen av desse.

OPLAREAL	Forklaring	Noverande (daa)	Framtidig (daa)	Sum (daa)	Noverande %	Framtidig %	Total %
110	Bustadområde	96	218	314	0,14 %	0,33 %	0,47 %
130	Erverv	124	193	317	0,19 %	0,29 %	0,48 %
131	Forretning	7	2	10	0,01 %	0,00 %	0,01 %
133	Industri	42	386	427	0,06 %	0,58 %	0,64 %
134	Lager	2	5	7	0,00 %	0,01 %	0,01 %
140	Fritidsbebyggelse	24	433	457	0,04 %	0,65 %	0,69 %
150	Offentlig føremål	16	1	17	0,02 %	0,00 %	0,02 %
155	Allmennyttig føremål formål	6	0	6	0,01 %	0,00 %	0,01 %
160	Kommunaltekniske anlegg	1	0	1	0,00 %	0,00 %	0,00 %
161	Kommunalteknisk	1	0	1	0,00 %	0,00 %	0,00 %
170	Friområde	83	287	370	0,13 %	0,43 %	0,56 %
190	Anne byggeområde	1	46	47	0,00 %	0,07 %	0,07 %
221	LNF spredt bustader	584	114	698	0,88 %	0,17 %	1,05 %
223	LNF spredt fritidsbustader	34	31	65	0,05 %	0,05 %	0,10 %
	Total	1 022	1 717	2 738	1,54 %	2,58 %	4,12 %

Analysen er basert på samanfall mellom kommuneplanen sine byggeområde langs kystsona (100 m beltet langs sjø).

OPLAREAL	Forklaring	No (daa)	Framtidig (daa)	Sum (daa)	No %	Framtidig %	Total %	No Lengde (km)	Framtidig Lengde (km)	Total Lengde (km)
110	Bustadområde	11	5	16	0,11 %	0,04 %	0,15 %	1,3	0,5	1,8
130	Erverv	47	59	106	0,43 %	0,54 %	0,97 %	5,4	6,7	12,1
131	Forretning	3	1	4	0,03 %	0,01 %	0,04 %	0,4	0,1	0,4
133	Industri	6	67	73	0,05 %	0,61 %	0,67 %	0,7	7,6	8,3
134	Lager	0	2	2	0,00 %	0,01 %	0,01 %	0,0	0,2	0,2
140	Fritidsbebyggelse	1	20	21	0,01 %	0,18 %	0,19 %	0,1	2,3	2,4
150	Offentlig føremål	1	0	1	0,01 %	0,00 %	0,01 %	0,1	0,0	0,1
155	Allmennyttig føremål	0	0	0	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,0	0,0	0,0
161	Kommunalteknisk	0	0	0	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,0	0,0	0,0
170	Friområde	29	62	90	0,26 %	0,56 %	0,83 %	3,3	7,0	10,3
190	Anne byggeområde	1	20	21	0,01 %	0,18 %	0,19 %	0,1	2,2	2,4
221	LNF spredt bustader	13	3	16	0,12 %	0,03 %	0,15 %	1,4	0,4	1,8
223	LNF spredt fritidsbustader	0	5	5	0,00 %	0,05 %	0,05 %	0,0	0,6	0,6
	Total	113	243	356	1,04 %	2,22 %	3,26 %	12,9	27,6	40,4

Analysen er basert på samanfall mellom kommuneplanen sine byggeområde langs strandkanten (10 m beltet langs sjø). Prosent- og lengde-tal er resultat. (Arealtal representerer kun mellomrekning).

1. BYGGJEOMRÅDE, PBL. § 20-4, 1. ledd nr. 1.

I denne planen omfattar byggjeområde:

Bustader

Fritidsbustader

Næring: Reiseliv, industri, akva/fiskeri, lager, forretning

Friområde

Anna byggjeområde (Naust og småbåthamn)

Trafikkområde

1.1 Føresegner

- 1.1.1 I framtidige byggeområde kan arbeid og tiltak som nemnd i PBL §§ 81, 86a, 86b og 93, samt frådelling til slike føremål, ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan med mindre det er gjort unntak for plankrav i anna føresegn i denne plan.
- 1.1.2 Nye utbyggingstiltak skal ta omsyn til ålmenta sine interesse i strandsona. Biologisk mangfald, landskap og kulturminne skal takast vare på, jf PBL § 20-4, 2. ledd, b og e.
- 1.1.3 Alle nybygg skal ha godkjende løysingar for tilkomst, vassforsyning og kloakk. Det er naudsynt med tilfredstillande trafikksikring, før oppføring av nye tiltak, jf. PBL §20-4, 2 ledd, b.
- 1.1.4 I samband med planlegging og gjennomføring av tiltak skal det leggjast til rette for universell utforming. Dette gjeld særskilt bustader, offentlege bygg og uterom, haldeplassar for kollektivtrafikk og publikumsretta verksemd. Det skal leggjast til rette for eigne parkeringsareal for funksjonshemma ved bygg som skal ha ålmenn tilgjenge, jf. PBL § 20-4, 2. ledd, b.
- 1.1.5 Rikspolitiske retningslinjer for Barn og planlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak. Det skal sikrast eit oppvekstmiljø der fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar samsvarer med tilgjengelig kunnskap om barn og unges behov. Det skal takast særskilt omsyn til trafikksikre snarvegar, gang- og sykkelforbindelsar og gode og varierte aktivitetsområde.
- 1.1.6 Bygg og anlegg av stor offentleg eller allmenn nytte skal lokaliserast slik at dei styrkjer eksisterande infrastruktur. Nye bygg skal vere tilpassa omgivnadene og terrenget. Naturleg vegetasjon skal i det lengste bevarast, jf. PBL §20-4, 2. ledd, b, og §§ 2 og 74.2.
- 1.1.7 I område med kulturhistoriske interesser skal det dokumenterast at nye tiltak blir utforma og lokalisert slik at dei ikkje reduserer verdien av kulturminnet og kulturlandskapet, jf. Kulturminnelova §§ 2 og 74.2.

1.1.8 Eventuell utbyggingsavtale skal offentliggjørast gjennom høyring, og førast fram mot vedtak, saman med det planarbeidet som sakleg kan knytast til avtalen, jf. PBL kap. XI - A, og Solund kommune sine retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar.

1.1.9 Toppar og høgdedrag skal ikkje byggjast ned, og nye bygg skal tilpassast landskapsrommet, jf. PBL 20-4, 2. ledd, b.

1.2 Retningsliner

1.2.1 Langs vatn og vassdrag skal ålmenta sine interesser sikrast.

1.2.2 Områda kring fornminna må skånast for auka slitasje.

1.2.3 Ved planlegging og utbygging skal risiko og sårbarheit frå menneske- og naturskapte farar dokumenterast, jf. PBL § 68. Ved all utbygging skal skred, ras, flaum, klima og anna risiko vurderast. Om tvil skal området vurderast av sakkyndig, og det skal lagast sluttrapport.

1.2 UTBYGGINGSAVTALAR etter PBL (2008) § 17

Utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen, grunneigar og utbygger om utbygging av eit område, som har sitt grunnlag i kommunen si planmyndigheit etter plan- og bygningslova og som gjeld gjennomføring av kommunal plan.

Reglar for utbyggingsavtalar vert vedteke i eigen sak i kommunestyret, jf. Plan og bygningslova (2008) § 17-2.

1.3 BUSTADFØREMÅL

Føremålet omfattar byggjeområde for bustad, og tilhøyrande tekniske anlegg som uthus, garasje, parkering og eventuelt anna fellesareal. Heimel PBL § 20-4, 2. ledd, b.

1.3.1 Føresegner

- 1.3.1.1 I eksisterande bustadområde kan det byggjast einskildhus utan reguleringsplan, jf 20-4, 2. ledd, b.
- 1.3.1.2 Tomt til bustadføremål skal ha ein storleik avpassa etter terrenget og bør som hovudregel ikkje være større enn 2 mål, jf 20-4, 2. ledd, b.
- 1.3.1.3 Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Rekkehus og bustadar med mindre husvære skal ha parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. eining, jf. PBL § 20-4, 2. ledd, d.
- 1.3.1.4 I tilknytning til kvar einskild bustad i bustadområde skal det setjast av tilstrekkeleg grøntareal til leik og naturoppleving. Leikeareala skal skjermast/plasserast vekk frå biltrafikk og ikkje vere støytsette. jf. PBL § 20-4, 2. ledd, d.
- 1.3.1.5 Frådelling eller byggetiltak skal fortrinnsvis plasserast inn til eksisterande infrastruktur, jf. PBL § 20-4, 2. ledd, b.
- 1.3.1.6 Det kan tillatast mindre næringsverksemd i føremålet, dersom tiltaket ikkje fører til belastningar på miljøet, eksempelvis støy, auka trafikk, støv osv, jf PBL 20-4, 2. ledd, b.

1.3.2 Retningslinjer

- 1.3.2.1 Ved planlegging og regulering av nye bustadfelt, eller ved omregulering av eldre bustadområde, skal leikeplass og trafikktryggleik prioriterast.
- 1.3.2.2 Ved sjønære bustadfelt bør det være et område i tilstrekkelig nærhet til bading, friluftsliv og båthamn.
- 1.3.2.3 Ved planlegging av bustadområde skal det leggjast til rette for god tilkomst til natur- og friluftsområde. Der det er naturleg skal det setjast av areal til passasje mellom tomter, og mellom tomter og hindringar (fjell, sjø, vatn m.v.) for å sikre tilkomst til natur- og friluftsområde.

1.3.3

Føresegner og retningslinjer – einskildområde

BYGGJEOMRÅDER (PBL § 20-4. ledd nr 1)						
Bustad						
Plan-kart id	Stad	Tal nye bustader	Føresegner	Retningslinjer	Plan-krav	Status
BU1	Lundøy	6-8	Utbygging skal ikkje hindre ålmenn ferdsel til strandsona.	Ved regulering bør det leggjast særleg vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida. Sjøhusområde på vestsida av feltet skal regulerast samstundes som bustadområdet.	R	Framtidig
BU2	Ytrøygrend	5-7	Det kan byggjast inntil 7 bueiningar i området.		R	Framtidig
BU3	Setrevågen	4	Utbygging skal ikkje hindre ålmenn ferdsel til strandsona.		R	Framtidig
BU4	Kolgrov	30	Feltet må regulerast i samband med ny vegtrasé og framtidig nærings- og hamneområde.		R	Framtidig
BU5	Straumen	4	Nye hus må tilpassast terrengformene. Inntil 4 tomter.		R	Framtidig
BU6	Trovåg	3	Bustadområdet skal regulerast i samband med framtidig næringsområde og veg.		R	Framtidig
BU7	Lågøy	5		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU8	Steinsund - Nesestaua	5-7		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU9	Steinsund – Nessebrekka	4		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU10	Steinsund - Buabakken	10-12			R	Framtidig
BU11	Hardbakke-sentrum	6				Noverande
BU12	Hardbakke - Lyngneset	15			R	Framtidig
BU13	Hardbakke - Kaldhammaren	3		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU14	Hardbakke - Sildevika	2	Strandsona skal haldast fri for utbygging. Utbygging skal ikkje hindre ålmenn ferdsel til strandsona.		R	Framtidig

BU15	Hardbakke - Nordre Klubbvatn	15-20			R	Framtidig
BU16	Hardbakke - Valshågen	20		Plan-legging av felles kai- og sjøhus-anlegg skjer i samband med regulering av området.	R	Framtidig
BU17	Hardbakke - Håneset vest	2			R	Framtidig
BU18	Hardbakke sentrum/kai	2-3	Tiltakshavar må sannsynleggjere fråver av faremoment knytt til ras.		R ROS	Noverande
BU19	Steinsund - Klubben	3-4		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU20	Pollen	8-10	Tiltakshavar må sannsynleggjere fråver av faremoment knytt til ras.		R ROS	Framtidig
BU21	Pollen	15		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
BU22	Eide	20			R	Framtidig
BU23	Eide	1-2				Framtidig
BU24	Hersvik	2-3				Noverande
BU25	Hersvik	4				Noverande
BU26	Leknessund	10			R	Framtidig
BU27	Sandvik	10			R	Framtidig
BU28	Færøy	15			R	Framtidig
BU29	Dalesund	10			R	Framtidig
BU30	Leirvåg	4	Det skal takast omsyn til landskapsverdiane i området. Husa skal ikkje leggjast ned i strandsona.			Framtidig
BU31	Steinsund	3			R	Framtidig
BU32	Eide	2				Noverande
BU33	Hardbakke (N for Grendahuset)	2				Noverande
BU34	Steinsund	2				Noverande

1.4 NÆRING

Føremålet for byggeområde næring, er delt opp fylgjande:

Lager

Reiseliv

Akva/fiskeri

Industri

Forretning

1.4.1 Næring reiseliv - Føresegner

1.4.1.1 Alle område avsett til byggeområde reiselivsnæring på arealkartet skal regulerast før utbygging, jf. PBL 20-4, 1. ledd, a.

1.4.1.2 For byggeområde reiseliv skal det fastsetjast i reguleringsplan at §§ 9 og 12 i jordlova skal gjelda for område som er tilknytt landbrukseigedom.

1.4.2 Næring reiseliv - Retningslinjer

1.4.2.1 For byggeområde til reiselivsnæring skal det fastsetjast i reguleringsplan at overnattingseiningar og eller tilhøyrande serviceanlegg skal kunne skiljast frå landbruks/næringseigedom. Unnatak kan gjerast dersom:

- Når reiselivsanlegg og tun vert skild frå landbrukseigedom som eit samla næringsområde for reiseliv og anna areal vert seld som tilleggsjord.
- Når reiselivsanlegget ligg i eller ved tettbygd bygdesenter, vert skild frå samla og er godt avgrensa frå landbrukseigedom og er eller er i ferd med å etablere seg som ei sjølvstendig verksemd.

1.4.2.2 Reguleringsplan for byggeområde - reiselivsnæring kan inkludere spesialområde til utleigeeiningar og bør ha andre tilknytte anlegg t.d. servering, båtutleie, badeplass/badeanlegg, kurslokale som aukar det lokale servicetilbodet.

1.4.3 Næring reiseliv

Føresegner og retningslinjer - einskildområde

BYGGJEOMRÅDE PBL § 20-4, 1.ledd. ERVERV: Næringsområde - Reiseliv						
Plan-kart id	Stad	Daa	Føresegner	Retnings-liner	Plan-krav	Status
N5	Hjønnevåg	10				Noverande
N18	Dalesund/ Solnes	16,3			R	Framtidig
N46	Eide	34			R	Framtidig
N25	Hardbakke: Teigeneset	16,5			R	Framtidig
N53	Hersvikbygda	3			R	Framtidig
N12	Kolgrov	3			R	Framtidig
N40	Losna	3			R	Framtidig
N38	Lågøy	7			R	Framtidig
N64	Pollen: Basteholmen	0,9			R	Framtidig
N39	Storøy	3			R	Framtidig
N33	Stranda	4,2			R	Framtidig
N49	Vaulen	36			R	Framtidig
N2	Ytrøygrend: Lundøy	6			R	Framtidig
N26	Hardbakke: Internatet	4,8				Noverande
N27	Hardbakke: Gamle legekantor	1,8				Noverande
N41	Nesøy	8,6				Noverande
N13	Kverhella	8,0				Noverande
N17	Solneset	21			R	Noverande
N21	Steinsund	3,2				Noverande
N71	Pollen	1	Området skal nyttast til sjørelatert reiselivsverksemd			Noverande
N69	Lågøy	1,7	Området skal nyttast til sjørelatert reiselivsverksemd		R	Framtidig

1.4.4 Næring industri - Føresegner

- 1.4.1.1 For byggeområde industri skal det fastsetjast i reguleringsplan føresegner for gesimshøgd og mønehøgd på bygning, jf. PBL. § 70.
- 1.4.1.2 Mindre bygg/tilbygg for vidareutvikling av etablert næringsverksemd innanfor område avsett til industri, utløyser ikkje plankrav, jf. PBL § 20-4, 2. ledd, b. Kulturstyresmaktene skal høyrast før inngrep.

1.4.5 Næring industri - Retningslinjer

- 1.4.5.1 Ved fastsetjing av føresegn for gesimshøgd og mønehøgd skal byggeområdet si framtidige bruk takast omsyn til. Dette gjeld både i høve den einskildverksemda som planlegg å ta eigedomen i bruk, og eventuelle andre brukarar som kan tenkjast å overta området seinare.

1.4.6 Næring industri Føresegner og retningslinjer - einskildområde

BYGGJEOMRÅDER (PBL § 20-4. ledd nr 1)						
ERVERV: Industri						
Plankart id	Stad	Daa	Føresegner	Retningslinjer	Plankrav	Status
I1	Krakhella	23,3	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R	Framtidig
I2	Pollen Engelia	62	Krav om regulering ved vidare utbygging.			Noverande
I3	Pollen Engelia	89,4			R	Framtidig
I4	Haldorsneset	89	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R KU ROS	Framtidig
I5	Skogen	552			R	Framtidig

1.4.7 Næring forretning

Føresegner og retningslinjer – einskildområde

BYGGJEOMRÅDER (PBL § 20-4. ledd nr 1)						
ERVERV: Forretning						
Plankart id	Stad	Areal daa	Føresegner	Retningslinjer	Plankrav	Status
F1	Ytrøygrend	0,4				Noverande
F2	Ytrøygrend	2,1			R	Framtidig
F3	Kolgrov	1,3	Området kan kombinerast med bustadføremål			Noverande
F4	Nåra	0,6				Noverande
F5	Hardbakke	4,5	Området kan kombinerast med bustadføremål			Noverande
F6	Hersvik	0,3				Noverande
F7	Buskøy	1,4				Noverande

1.4.8 Andre næringsområde

Føresegner og retningslinjer - einskildområde

BYGGJEOMRÅDER (PBL § 20-4, ledd nr 1)							
Erverv: Næringsområde							
Plan kart id	Stad	Daa	Føremål	Føresegner	Retningslinjer	Plankrav	Status
N1	Notøy - vestre molo	1,2	Fiskeri	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd			Noverande
N3	Ytrøygrend	1,1	Fiskeri/ Notvaskeri	Området skal nyttast til sjørelatert næringverksemd.			Noverande
N4	N Hjøneevåg	1,3	Lager	Området er merka av i kartet med føremål: "Lager"			Noverande
N6	Nordre Hjøneevåg	2	Fiskeri			R	Framtidig
N7	N Hjøneevåg	2,6	Fiskeri	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R	Framtidig
N8	N Hjøneevåg	5,6	Fiskeri	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R	Framtidig

N9	S Hjønevåg	2,4	Fiskeri				Framtidig
N10	Kolgrov	2,1	Fiskeri	Krav om næringsverksemd knytt til fiskeri			Noverande
N11	Rørdalsfjorden	0,7	Næring	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R	Framtidig
N15	Trovåg	8,0	Fiskeri				Noverande
N16	Nåra (gamle ferjekai)	3,6	Fiskeri	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		R	Framtidig
N20	Steinsund (Lager)	7,3	Lager			R	Framtidig
N22	Hardbakke Vikane	9,6	Uspesifisert	Området kan nyttast til anna type næring enn lager, dersom dette ikkje kjem i konflikt med bustader i nærleiken.		R	Framtidig
N23	Hardbakke (Sunnfj. Energi)	1,6	Lager				Noverande
N24	Hardbakke (Lager)	1,6	Lager			R	Framtidig
N28	Saltskårmoloområdet	6,0	Fiskeri				Noverande
N29	Saltskår	1,6	Fiskeri				Noverande
N30	Saltskår	1,6	Fiskeri			R	Framtidig
N31	Lia	8,1	Akva				Noverande
N32	Lia	11,0	Akva				Framtidig
N34	Avløyp	0,6	Fiskeri	Krav om næring knytt til fiskeri			Noverande
N35	Lågøy	4,4	Verkstad				Noverande
N36	Lågøy	1,5	Verkstad				Noverande
N37	Lågøy	0,5	Båtbyggerverkstad				Noverande
N42	Eide (Holme: Ytre Avløypet)	11,8	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N43	Eide (Til holme over Bukkholmsundet)	3,2	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N44	Eide	0,4	Akva/ fiskeri				Noverande
N45	Eide	9,8	Uspesifisert			R	Framtidig
N47	Gylta	13,6	Akva/ fiskeri				Noverande
N48	Gylta	14,1	fiskeri				Framtidig
N50	Lending	4,1	Akva/ fiskeri				Noverande
N51	Strandheim	3,6	Fiskeri			R	Framtidig
N52	Hersvik	0,7	Fiskeri				Noverande

N54	Hersvik	0,7	Fiskeri	Krav om næring knytt til fiskeri (klausul). Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.			Noverande
N55	Hersvik	2,3	Uspesifisert		Området kan kombinerast med bustadføre mål		Noverande
N56	Hersvik	0,4	Kultur				Noverande
N57	Sjønesvika	9,0	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N58	Daløy Gjerdneset	6	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N60	Buskøy	7,5	Verkstad				Noverande
N61	Færøy	10,5	Verkstad				Noverande
N62	Keila	6,5	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N63	Keila	3,0	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N66	Krakhella	8,1	Akva/ fiskeri				Noverande
N70	Hjønnevåg	7,4	Akva/ fiskeri				Noverande
N72	Hardbakke Håneset	1,6	Verkstad				Noverande
N73	Leknesund	0,6	Akva/ fiskeri			R	Framtidig
N74	Færøy	3	Uspesifisert				Noverande
N75	Søre Hjønnevåg	1,7	Fiskeri				Noverande
N76	Pollen	1	Akva/ fiskeri				Noverande

1.5 FRITIDSBUSETNAD

Føremålet omfattar bygging av fritidsbustader, med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel 20-4, 2. ledd, b.

1.5.1 Føresegner

- 1.5.1.1 Tomt til fritidsføremål skal ha ein storleik avpassa etter terrenget og som hovudregel ikkje vere større enn 1 mål, jf PBL 20-4, 2. ledd, b.
- 1.5.1.2 Felt med fritidsbustadar skal avgrensast i omfang og tilpassast terrenget og omgivnader, jf PBL 20-4, 2. ledd, b.
- 1.5.1.3 Fritidsbustadar skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløyningar vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. fritidsbustad, jf PBL 20-4, 2 ledd, b.
- 1.5.1.4 Uteplassen skal vere på terrengnivå, jf. PBL § 20-4, 2. ledd, b.

1.5.2 Retningsliner

- 1.5.2.1 Det bør leggest til rette for felles løysingar for naust og sjøtilgang der det er mogeleg.
- 1.5.2.2 Eksisterande kvalitetar i terrenget skal takast vare på. Ålmenta skal ha tilgang til strandsona.
- 1.5.2.3 Bygging av fritidsbustadar skal som hovudregel ikkje hindre ålmenn ferdsel i strandsona.

1.5.3 Føresegner og retningslinjer – einskildområde

BYGGJEOMRÅDER (PBL § 20-4. ledd nr 1)						
Fritidsbusetnad						
Plan-kart id	Stad	Tal nye fritidsbustader	Føresegner	Retningslinjer	Plan krav	Status
H1	Kolgrov	6-8	Hyttene skal tilpassast terrengformene			Noverande
H2	Kringlevågen	40		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida. Området skal ikkje hindre allmenn ferdsel i strandsona.	R	Framtidig
H3	Kverhella	15	Krav om å innarbeide vegtrasé til hyttefelt i reguleringsplan		R	Framtidig
H4	Kverhella	2				Framtidig
H5	Trovåg	3				Noverande
H7	Solneset	20			R	Framtidig
H8	Solneset	10			R	Framtidig
H9	Hardbakke	80-100			R	Framtidig
H10	Leknesund	5	Tomtegrenser skal i minimum trekkjast 20 meter attende frå strandlinja.		R	Framtidig
H11	Pollen	15			R	Framtidig
H12	Pollen	5			R	Framtidig
H13	Leknesund	8	Tomtegrenser skal i minimum trekkjast 20 meter attende frå strandlinja.		R	Framtidig
H14	Eide	3				Noverande
H15	Nessa	6-8			R	Framtidig
H16	Hagelva	2				Noverande
H17	Krakhella	10				Noverande
H18	Krakhella	4-6			R	Framtidig
H19	Hersvik	80			R	Framtidig
H20	Leknesund	6	Tomtegrenser skal i minimum trekkjast 20 meter attende frå strandlinja.	Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
H21	Buskøy	10		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
H23	Saltskår	8-10	Nye bygg skal ikkje byggjast over 20 meters kota.		R	Framtidig
H24	Losna	1				Noverande

H25	Kråkesund	5			R	Framtidig
H26	Sandvik	10-12		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
H27	Elvaneset	6-8			R	Framtidig
H28	Losna	2-3			R	Framtidig
H30	Nesøy	100		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida	R	Framtidig
H32	Kråkenes	3-4		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida	R	Framtidig
H33	Hop	10		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig
H34	Stølsvika	5		Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	R	Framtidig

1.6 ANNA BYGGJEOMRÅDE

Anna byggjeområde på kartet er først og fremst knytt til småbåthamner og sjøhus. Føremålet kan og omfatte kai, brygge og bølgebrytar/ molo. Heimel PBL § 20-4, 2. ledd, b.

Småbåthamn: SH
Anna byggeområde (Naust): AB

1.6.1 Føresegner

- 1.6.1.1 Utbygging av småbåthamner og marinaer skal skje i samsvar med godkjend reguleringsplan. Planane skal vise planlagde tiltak på land og i sjø; herunder planlagd utfylling, plassering av brygger mm
- 1.6.1.2 Regulerte sjøhusområder og småbåtanlegg skal omfatta parkeringsplassar for eit tal bilar tilsvarande 50 % tal sjøhus/båtplassar i planen.
- 1.6.1.3 Nye sjøhus skal ikkje ta i bruk meir av strandlina enn det som er naudsynt for bruken av sjøhuset. Ålmenta skal ha tilkomst til strandsona.
- 1.6.1.4 Bygging av rorbuer (friridseigedom/næring) skal ikkje godkjennast i område avsett til *Anna byggjeområde*.

1.6.2 Retningslinjer

- 1.6.2.1 Kulturhistoriske element, både fornminne og nyare tids kulturminne skal takast omsyn til ved utbyggingar. Ved påbyggingar og ombyggingar skal eksisterande byggjestil takast omsyn til.
- 1.6.2.2 Sjøhus er bygningar i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, småbåtar og anna. Bygningen skal framstå som sjøhus – både utvendig og innvendig – og ikkje vere utstyrt med staffasje som ikkje tradisjonelt høyrer til eit sjøhus, slik som store vindauga, balkongar, arker, karnapp, rekkverk osv. Sjøhus skal vera uisolert.

1.6.3 Oversikt over naust- og sjøhusområde

